



medarbeidrarar i Radøy kommune - til oppslag

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/3099 - 14/12584

Saksbehandlar:  
Kjetil Morken  
kjetil.morken@radoy.kommune.no

Dato:  
19.11.2014

## Innføre halve dagar fri ved omsorgspermisjon for sjukt barn. Velferdspermisjonar utan løn for å følgje barn til tannlege, BUP – osb. Presisering – endring av praksis

Ut frå ei totalvurdering opnar arbeidsgjevar for å kunne dele opp **dagar eigenmelding sjuke barn** for arbeidstakar som har barn under 12 år. Retten til permisjon gjeld også dersom barnet treng følgje til legeundersøking eller treng anna oppfølging i samband med sjukdom, jf. aml. **§12-9.**,

Rett til fri og rett til løn (omsorgspengar) ved barn eller barnepassar sin sjukdom er regulert i HTA **kap. 1 §8.4.** Bestemmelsen er delt opp i retten til permisjon som følgje av **arbeidsmiljølova**, og rett til omsorgspenger som er regulert av **folketrygdlova**. Felles for retten til fri og retten til løn er at arbeidstakar sitt fråvær er **grunna i nødvendig tilsyn** og pleie for sjukt barn eller tilsyn for barn på grunn av barnepassers sjukdom. Arbeidstakar må også ha omsorg for barnet. Rett til omsorgspenger gjeld også fosterforeldre, jf. ftrl. **§9-5.**

### Korleis praktisere dette?:

Kan dele dagane opp i  $\frac{1}{2}$  ( halve) dagar for **naudsynt tilsyn** slik:

- følgje til legeundersøking – spesialistundersøking - vert registrert som ein  $\frac{1}{2}$  eigemeldingsdag .  
**Gyldig fråvære likevel berre så lenge tilsyn er nødvendig.**
- tal dagar i tråd med rettar etter folketrygdlova ( 10 , 15 ,20 heile dagar alt etter tal barn åleine med omsorg osb.)
- er fråværet lengre enn **4 timer** vert det rekna som **ein heil dag**.
- far og mor tar delar dagen (halve dagen kvar). ( for eksempel grunna foreldra sitt arbeidspress og driftsutfordringar på jobb. osb)
- Fri til tannlege, helsestasjon, BUP, PPT og anna oppfølging som ikkje er relatert til i «samband med sjukdom» vert gjeve fri som permisjon. I utgangspunktet vil slik permisjon være velferdspermisjon **UTAN løn** .

**Endringane gjeld frå 1/12 2014**

## **Permisjon for å følgje barn til tannlege, helsestasjon, PPT, BUP mv.**

I utgangspunktet er slik **permisjon utan løn**. Ein tenker at dette er fråvær som ikkje er knytt til bornet sin sjukdom. Det at ein som foreldre bør, og ofte må, være med barnet på denne type timer er slikt som hører med det å være foreldre.

Det vil difor i hovudsak vera permisjon **utan løn** som er hovudregelen for slike tilfelle.

Vårt permisjonsregelement opnar for at ein **kan** få permisjon med løn for særlege velferdsgrunnar. Det vil då være ei konkret vurdering av leiar at særlege grunnar gjer det naturleg å gje permisjon med løn.

### **Kvalitetstap ved fråvær**

Rådmannen vil peike på det viktige møtet våre arbeidstakrar har med brukarar kvar dag. Lærar sitt møte med elev, barne og ungdomsarbeidaren sitt møte med barnet, brukar i heimtenesta får ein kjent helsefagarbeidar til sin heim, er svært viktige møter kvar dag. Dersom ein annan skal gjennomføre desse møta enn **deg** vil kvaliteten gå ned.

Det er difor viktig at ein i val av kven av foreldra som tar på seg oppdraget med å følgje barnet reflekterer over denne sida også.

Rådmannen legg opp til å evalvere endra praksis etter ei tid.

Med helsing

Jarle Landås  
rådmann

Kjetil Morken  
personalsjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

medarbeidarar i Radøy kommune -  
til oppslag